

Årsmelding for Jostedal spel- og dansarlag for året 2009

Styret har vore samansett slik:

Oddbjørg Ese, leiar

Eldbjørg Haugen, nestleiar

Helene Bolstad, kasserar

Tormod Øvrebø, skrivar

Mona Åsen, styremedlem

Tordis Vigdal og Edel Skjæret, varamedlemar til styret

Valnemnd: Erling Bjørn Vigdal, Venke Lill Sagerøy og Solveig Sperle

Revisor: Gunnar Ruud

Det har vore halde 12 styremøte i året som har gått.

Det har vore svært stor auke i medlemstalet. Ved årsskiftet var det om lag 100 medlemmar . Laget er no mellom dei ti største laga i landet!

Det har vore eit særst aktivt år for laget med Vestlandskappleiken som det klart største arrangementet.

Aktivitetar

- Opplæring/kurs:

Faste øvingar:

Laget har ni juniorar som får opplæring i fele/toradar i kulturskulen.

Det har dette året vore faste øvingar i spelemannslaget. Else Marie Haugen, Oda Heidi Bolstad og Helene Myklemyr er instruktørar.

Rupeungane har faste øvingar kvar veke. Instruktørar er Anne Kristin Haugen Halveg og Eli Bjørhusdal er instruktørar.

—> Øvingar annaltal veke på h.ungd skole —> faste øvingar —> Dei yngste.

Jostedal leikarring har øving kvar måndag på Jostedal hotell. Kristen Alsmo er instruktør.

Det har jamnleg vore springar-øvingar på Jostedal hotell. Einar Ese er fast spelemann.

Laget er medarrangør av Samdansen (Eikum hotell) der det vert det undervist i variantar av gamaldansformer. Øystein Lavik er instruktør.

Anna opplæring:

14. – 15. mars : Kurs i bruksdans i samfunnshuset. 17 deltakarar – mest ungdomar. Brit Guggedal instruerte.

14. mars: Felekurs for felejentene med Aslak Johnsen som instruktør.

— 6 Påske → Brit G. Brulshans
28. desember: Swingkurs på Jostedal hotell med 25 deltakarar. Brit Guggedal instruerte.

8.-10. januar: Kurshelg i fele med Håkon Høgemo og song med Kari Malmanger.

- Tilskipingar

3. april: Konsert med Gro Marie Svidal. Spelem.laget spelte til dans etterpå

17. juli: Gamaldanskveld i Dølaheimen i samband med marknadshelgi. Luster trekkspelklubb og Spelemannslaget spelte.

2.- 4. oktober: Vestlandskappleiken.

7. november: Skalkafest etter VK på Jostedal hotell. Ulike aktørar frå laget spelte.

20. desember: Julebord. Musikk: Kringslått m. Anders Olav Ese. Fullt hus.

9. januar: Konsert med Håkon Høgemo og Kari Malmanger på Jostedal hotell i samband med kurshelgi. Dans. Spelemannslaget med Håkon Høgemo spelte.

- Deltaking på kappleikar, stemne og kurs

Seniorane
Mars: Juniorane deltok på Smørbukk-kappleiken på Mo.

Deltaking på tradisjonskurs i Førde

Fylkeskappleiken på Eid. Her stilte juniorane i spel fele og hardingfele individuelt og lagspel samt durspel/trekkspel og i song. Seniorane stilte i spel hardingfele individuelt og i lagspel samt i durspel/trekkspel. Oddbjørg Ese var domar på kappleiken.

Juni: NM i folkemusikk på Geilo. Deltaking i 10 klassar : Open klasse, Durspel/trekkspel junior, Lagdans senior, Durspel/trekkspel senior, Lagspel junior, Lagspel senior, Spel hardingfele senior, Spel hardingfele junior, Grupperpel og Dans hardingfele senior. Helene Myklemyr var domar.

August: Mange juniorar deltok på Mo-kurset. Det var også seniorar med i dans.

Oktober: Vestlandskappleiken i Jostedal. Deltaking i 13 klassar: Grupperpel hardingfele junior, Vokal folkemusikk rekrutt, Vokal folkemusikk junior, Vokal folkemusikk senior, Dans hardingfele og fele senior, Spel fele rekrutt, Spel hardingfele rekrutt, Spel hardingfele junior, Open klasse, Lagdans senior, Lagspel hardingfele junior, Lagspel hardingfele senior og Spel hardingfele senior.

Oddbjørg
RFF. Ei gruppe på åtte personar var på seminar ved Rådet for folkemusikk, NTNU i Trondheim i to dagar for å studere dans i Jostedalstradisjon. Opptak, Palmar, Svein osv Siri her.

Vidare har fleire medlemmar bidrege i ulike samanhengar. Her kan nemnast deltaking på Oktoberfestivalen , DM i trekkspel og Storefjelltreffet. Juniorane spelte ved opning av utvida nasjonalpark, julekonsert mm.

- Ymse

Laget stilte med vakter på "Blåe tonar" .

Helene
CD – prosjektet.

Laget er med i av 17 mai-arrangementet.

Styret var representert på årsmøtet i fylkeslaget og LFS.

I samband med Vestlandskappleiken vert det retta stor
takk til alle som stilte på dugnad. Me vil også nemne Luster
kommune og Luster sparebank som har vore svært gode
støttespelarar.

JOSTEDAL SPEL- OG DANSARLAG

ARBEIDSPLAN 2010

Kurs:

Opplæring i hardingfelespel med Håkon Høgemo, 1. helg i januar 2011.

Swing-kurs

Kurs i gamaldans/springar, *over tidre byggedansar*

Kurs i song

Anna opplæring og øvingar:

Jostedal leikaring, øving kvar veke

Samdansen, øving 1 gong pr mnd

Speleøvingar med fokus på runddansspel, annakvar veke

Speleøvingar med fokus på slåttespell, øving ~~1 gong pr mnd~~ *annakvar veke*

Rupungane, øving kvar veke

Springar-øvingar

Durspel-øvingar → *del måndagsdansen*

prosjekt

Jostedalsspringaren:

Halde fram arbeidet med Springarprosjektet i samarbeid med RFF

Arrangement m.m.:

Arrangere konsert; Sigrid Moldestad *27. mars*

S. Bjørset

m.fl.

Arrangere dansekveldar

Kveld med underhaldning – song, historiar mm

Deltaking på kappleikar, stemne og kurs:

Delta på kappleikar og andre tilskipingar.

Sende representantar på Mokurset.

Sende representantar på årsmøte i Fylkeslaget og Landslaget.

Delta på Smørbukkappleiken

Anna arbeid:

Bidra til dans i skulen

Arbeidsoppgåver på 17. mai

Stille med vakter til Blå tonar

Opprette eige heimeside

→ *heilfest*